



STØRST AV ALT

TROSOPPLÆRING I DEN NORSKE KIRKE

TRUSOPPLÆRNINGSPLAN FOR LINDÅS KYRKJELEGE FELLESRÅD

UTKAST TIL SOKNERÅDA

10.04.15

Innhald

1.	Generell del	5
	Kva har kyrkja i Lindås som hovudmål for trusopplæringa?	5
	Grunnlag og særpreg	5
	Korleis vil de organisere dykk for ei fornva trusopplæring?	8
	Sentrale dimensjonar i ei systematisk trusopplæring	9
2.	Tiltak	17
	Oversikt over tiltak i trusopplæringsplanen.....	17
	Breiddetiltak	18
	Kontinuerlege tiltak i Lindås Kyrkjelege Fellesråd	38
3.	Hjelpedokument.....	44
	Årsplan (kyrkjeåret) for trusopplæring.....	44
	Innfasing av tiltak – 3 årsperiode	46
	Innfasa plan - 2017	47
	Samarbeid med barnehagar og skular	48
	Metodar og omfang.....	50
	Økonomi	51
	Tekstar, salmar og liturgi i planen	53
4.	Vedlegg til tiltaka	57

Forord

Dette kompendiet er pr 10. april Lindås kyrkjelege fellesråd sitt framlegg til Trusopplæringsplan for kyrkja i Lindås. Planen er utarbeida i tråd med vedtaket i Lkf i april 2013, og har som hovudmål å skildre korleis ein ved hjelp av pedagogiske, organisatoriske og økonomiske verkemiddel kan leggje grunnlag for at alle døypte born i Lindås mellom 0 og 18 år kan få lik rett til opplæring i den kristne tru. Lindås kyrkjelege fellesråd inviterer på grunnlag av dette framlegget sokneråda i Lindås til å vedta Plan for trosopplæring for kyrkja i Lindås. Samstundes gjennomfører ein ei moderat høyring på planen, idet kyrkjeverja ber om tilbakemelding på punkt i dokumentet som ein a) meiner er sakleg feil, eller b) at ein gjer innspel om overordna gjennomføring av tiltaka.

Vidare saksgang no er at planen vert sendt ut til sokneråda i slutten av veke 15/2015. Sokneråda har tid på seg til 1. mai til å fatte vedtak om planen. Vedtaka vert så sende til fellesrådet sin administrasjon ved kyrkjeverja, og planen blir bearbeida i høve til eventuelle innspel før den blir sendt Bispedømekontoret til godkjenning i midten av juni.

Erfaringane frå fleire kantar av kyrkje-Noreg har vore at prosessen med å etablere trosopplæring i kyrkja har kravd mykje av dei medarbeidarane som skal gjere dette arbeidet. Lindås har heller ikkje gått fri for slike erfaringar; leiaren for trosopplæringsteamet sa opp stillinga si etter noko tids sjukemelding seinhaustes 2014. Arbeidet blei då omorganisert, og Lindås sin mentor i arbeidet gjekk etter avtale inn med tydelegare fagleg rolle for å sikre at arbeidet med planen kunne gjennomførast innan fastsette tidsfristar.

Arbeidet med å samle og vurdere ulike element til planen tok til hausten 2013, og gjennom 2014 har Lkf sitt trosopplæringsteam utført dette arbeidet parallelt med at ein har gjennomført utvalde nye tiltak for å vinne erfaring. Sjølvé skrivinga av planutkastet er utført i to hektiske månader vinteren 2015 i samarbeid med eit einingsutval med representantar frå sokna i Lindås og ein prest. Dette utvalet har hatt tre møter der ein har fått presentert elementa i teksten og gitt respons på desse.

Lukke til med handsaminga i soknerådet!

Knarvik, 10. april 2015

Torgeir Paulsen

Kyrkjeverge

Til sokneråda i Lindås Kyrkjelege Fellesråd

Her er trusopplæringsplanen for alle sokna i Lindås!

Det er eit omfattande arbeid som er gjort her, ei strukturert oversikt over arbeid for born og unge i Lindås. Nokre av tiltaka skildra her er heilt nye aktivitetar, og mykje av det er allereie brukt lenge i kyrkjer i Lindås.

I følgje denne planen skal alle døypte born i Lindås få høve til å oppleve Guds kjærleik i Kristus Jesus. Gjennom ulike tiltak og samvær får barn og unge i trusopplæringa møte dei mest sentrale elementa i trua ut frå ulike innfallsvinklar uavhengig av samanheng og alder.

Det er sokneråda som skal eige planen. Takka vere gode innspel frå dykkar representative i einingsutvalet har me samarbeida om planen slik den står no. Det er viktig at de ser på planen, slik den er no, som eit arbeidsverktøy som skal evaluerast etter kvart.

Dette dokumentet er inndelt i *fire delar*.

Første del gjev eit overordna blikk på planen; med hovudmål for planen, grunnlag og sær preg for området vårt geografisk, korleis me organiserer trusopplæringa og sentrale dimensjonar i systematisk trusopplæring.

Den andre delen syner dei faktiske tiltaka som er inkludert i trusopplæringa i Lindås. Det er utrulig mykje godt arbeid allereie, både under breiddetiltaka og dei kontinuerlege tiltaka! Den tredje delen inneholder diverse hjelpedokument som er laga for å få planen til å verte iverksatt. Som de vil sjå er det laga ein plan for progresjon av iverksetting av dei ulike tiltaka, samt eit årshjul som fordeler tiltaka på heile året. Dette er verktøy som skal hjelpe oss og dykk til å planlegge i god tid på førehånd, samt finne nok medarbeidarar til tiltaka.

I den fjerde delen finn ein vedlegg til dei ulike breiddetiltaka; rammefaktorplanar og andre tilhøyrande dokument.

Saman vil me arbeide for at barn og unge «*vert verande hjå Kristus når dei veks opp, liksom dei ved dåpen vart sameint med han*».

Me har ytra ønske om å vere tilstade og tilgjengelig for drøfting på soknerådsmøtet dykkar, der denne planen skal godkjennast. Der vil me kunne svare på spørsmål og ta imot tilbakemeldingar.

God lesing- me gler oss til å møte dykk!

Bjørn Dalsgård Nygård (kateket) og **Gudveig Kartveit Kana** (diakon)

Knarvik 10.04.15

1. Generell del

Kva har kyrkja i Lindås som hovudmål for trusopplæringa?

VISJON:

Kyrkja i Lindås vil arbeide for at barn/ unge «vert verande hos Kristus når dei veks opp, liksom dei ved dåpen vart sameint med han.»

Kyrkja i Lindås skal vere ei levande og inkluderande kyrkje, der alle born og unge saman med sine foreldre / føresette kan oppleve trivsel, tilhøyrighet og fellesskap. At barn og unge opplever at kyrkja er deira. Og at deira kristne tru kan bevarast og styrkast, utviklast og utfordrast.

Hovudmål:

- 1) Skape gode møte med kyrkja, den kristne tru og tradisjonar.
- 2) La barn og unge verte kjende med den treeinige Gud og Bibelen sine forteljingar.
- 3) Hjelpe born og unge til å forstå og leve sine liv i lys av trua.
- 4) Støtte familiane til å formidle og praktisere trua heime.
- 5) Hjelpe born og unge til vekse som samfunnsengasjerte medmenneske ut frå sitt funksjonsnivå.

Verdiar ein arbeider etter: Vi skal vere ei raus, mangfaldig og tydeleg kyrkje, som med Guds hjelp møter menneske med inspirasjon, omsorg og utfordring.

Grunnlag og særpreg

Generell historikk

Lindås kommune ligg like nord for Bergen. Den omfattar det meste av Lindås halvøya og nordbredda av Osterfjorden og Romarheimsfjorden. Kommunen vart oppretta i 1837, og fekk sine noverande grenser i 1964 .

Totalt bur det 15. 386 innbyggjarar i kommunen. Kommunesenteret ligg i Knarvik. Tettstaden har om lag 5200 innbyggjarar. Lengre nord i kommunen ligg tettstaden Lindås, som tidlegare var kommunesenter. I dette området bur det om lag 1271 innbyggjarar. Kommunen merkar stor tilflytting til Alversund og Knarvik-området. I perioden 2004-14 hadde kommunen ein befolkningsvekst på gjennomsnittleg 1,6 %.

Etter administrasjon og offentleg tenesteyting er industrien den viktigaste næringsvegen. Ein stor del av sysselsettinga i kommunen er knytt opp mot oljeraffineriet på Mongstad (Statoil).

Innanfor kommunen finnast det 11 barnehagar, 8 barneskular, 4 ungdomskular og 1 vidaregåande skule. Fleire av borna og ungdomane er elvar ved private skular som Den kristne grunnskulen og Danielsen ungdomsskule (Meland).

Kommunen har eit aktivt kultur -, idretts – og organisasjonsliv. Her kan ein nemne Lindås Ungdomslag (teater/scenekunst), KnarvikMila, lokale idrettslag, Eikanger-Bjørsvik (brassmiljø), lokale korpsmiljø, ei rekke ungdomslag, blandakor. Kommunen sin kulturskule rekrutterer og mange born og unge.

Ved Seim kyrkje ligg Kongshaugen, der Håkon den gode skal vere gravlagt. Seim var kongsgard i Harald Hårfagres dagar. Ved Vollom finn ein verdas nordligaste bøkeskog. Lyngheisenteret på Lygra i 2001 UNESCO-pris for sitt vern med det gamle kulturlandskapet langs kysten.

Kyrkje og kristenliv

Kyrkja i Lindås femnar omlag 12 500 medlemmer fordelt på 8 sokn. Sokna var tidlegare delt inn i prestegjelda Alversund , Lindås og Osterfjorden. Av innbyggjarane i Lindås er det eit klart fleirtal som er medlemmar i Den norske kyrkja, men der er også innslag av frikyrkjelege forsamlingar og andre livsyn. Bedehusmiljøet og dei kristne organisasjonane står sterkt i det kristne arbeidet. Dei er og viktige medspelarar og bidragsytarar innanfor trusopplæring rundt omkring i dei ulike kyrkjelydane.

Lokalt særpreg Alversund sokn:

- Om lag 5100 medlemmar av den norske kyrkja
- Stor tilflytting - aukande folketal
- 45 % av kommunen sine innbyggjarar bur innanfor Alversund sokn
- To kyrkjer: Alversund kyrkje (1879) Knarvik kyrkje er ei arbeidskyrkje (Vigsla Desember 2014)
- Høge tal på dåp og konfirmasjon
- Samarbeid med barnehagar og skular omkring markering av høgtider
- Samarbeid med dei kristne organisasjonane om barne- og ungdomstilbod. Døme på samarbeid: Aktivitetar på Misjonshus som Fredagsklubb 5.-8. klasse, Connected 9. klasse og oppover, KRIK, Ten Sing.
- Eige senter for ungdom i Knarvik, «Ungdomskontakten / Salto». Eit lågterskel tilbod for ungdom i Knarvik senter.

Lokalt særpreg Lygra og Seim sokn:

- Lygra sokn har 334 medlemmar / Seim sokn har 920 medlemmar
- Lygra: Folketalsutvikling viser færre born og unge og fleire eldre.
- Seim: Ny skule (2013) Auka tilflytting
- God relasjon mellom den lokale kyrkja og dei kristne organisasjonane på bedehusa.
- Arbeidet til indre og ytremisjonsorganisasjonane står sterkt. Tiltak retta mot ulike aldersgrupper.
- Barnehage, skule , lag og organisasjonar tek del i gudstenestelivet.
- Sokneråda gjev økonomisk stønad til arbeids som er retta mot dei ulike aldersgruppene og til leiarutvikling blant unge.

- Godt aktivitetstilbod for born og unge på dei lokale bedehusa: Døme: Myksvoll yngste røster frå 1 klasse -7. klasse, søndagsskule, Fredagskafeen på Myksvoll bedehus 8 klasse og oppver.

Lokalt særpreg Lindås sokn:

- Mellom dei eldste kyrkjestedane i Nordhordland
- Soknet har 2327 medlemmar
- Spreidd busetnad, ei samling i fleire bustadfelt m.a. på Lindås/Kolås og Risa.
- Eige Kyrkjelydssenter i Lindås senter. Senteret er kontor for dei tilsette og det vert brukt til kyrkjelydsarbeid.
- Aktivt bedehusmiljø. Misjonssambandet har samling i kyrkjelydssenteret eller idrettshallen, der 4.-7. klassingane tek del.
- Kyrkja samarbeider med dei frivillige organisasjonane.
- Barnehage, skule , lag og organisasjonar tek del i gudstenestelivet.

Lokalt særpreg Myking sokn:

- Myking sokn omfamar Kløvheim og Myking skulekrins (med unntak av Vabø) og har no 822 medlemmar.
- Busetnaden er for det meste spreidd med nokre bustadfelt er etablert.
- Myking kyrkje er den eldste kyrkja i kommunen. So kyrkjested er Myking nemnt første gong rundt 1360, men er truleg eldre.
- Tre bedehus i soknet: Myking, Kløvheim og Natås.
- Tilhøvet mellom kyrkje og organisasjonar er godt.
- Bedehusa driv arbeid blant barn og unge, som t.d. søndagsskule Ving og ungdomsklubb
- Gudsteneste deltaking er skiftande.

Lokalt særpreg Hundvin sokn:

- Soknet har 415 kyrkjemedlemmar
- Kyrkja bygd i 1936
- Busetnaden innanfor soknet er ganske spreidd. Unge familiar har etablert seg i nye bustadfelt.
- Aktivt bygdemiljø med eit rikt foreiningsliv.
- Godt samarbeid mellom kyrkja og bedehus.
- Stor tilslutnad omkring barnetilbodet « Laurdagstimen».

Lokalt særpreg Ostereidet sokn / Vike sokn

- Ostereidet sokn vart oppretta i 1967 (Vike sokn 1891)
- Talet på kyrkjemedlemmar Ostereidet sokn er 2488 (Vike sokn 128)

- Ostereidet sokn har to kyrkjelydar: Ostereidet og Hjelmås
- Ostereidet kyrkje (Arbeidskyrkje) bygd i 1988. Hjelmås kapell bygd 1978
- Busetnaden innanfor soknet er ganske spreidd.
- Aktivt bygdemiljø med eit rikt foreningsliv.
- Tre bedehus: Romarheim bedehus, Eknes bedehus og Midtgård bedehus.
- Samarbeid mellom kyrkja og bedehus.
- Stort kristent aktivitetstilbod for born både i kyrkja og på bedehusa t.d. "Jungelgjengen" 1.-7.klasse"
- Soknet var tidleg ute med trusopplæringsprosjektet «Livets skattekiste»
- Aktivt ungdomsmiljø på Fredagskafeen (Ostereidet kyrkje), INpuls (Romarheim bedehus), UrO (Eknes bedehus) og LUK (Midtgård bedehus).

Korleis vil de organisere dykk for ei fornya trusopplæring?

Eit eige einingsutval for trusopplæring i kyrkja i Lindås er oppretta. Her er dei åtte sokna representert saman med prosjektleiar, kyrkjeveje og ein representant for prestane. Utvalet jobbar med strategi, praktiske tiltak, økonomi og med planarbeid (samanhengande systematisk trusopplæring).

Sidan kyrkja i Lindås består av fleire sokn, har ein har funne det tenleg å lage ein felles plan for trusopplæring. Eit sentralt stikkord er samhandling. Planen er lagt opp slik at alle born og unge i Lindås fellesrådsområde får tilbod om dei same aktivitetane, men organisert som breiddetiltak på lågast mogeleg nivå / nærest mogeleg eige sokn. Dette kan også frå år til anna redusere talet på arrangement utan at breidda i tilbodet blir redusert, noko som igjen vil spare så vel dei tilsette som dei friviljuge i det einskilde sokn. Så langt det let seg gjere, skal dei fleste tiltak for born i alderen 0-6 år bli arrangert i dei lokale kyrkjelydane.

Ei slik modell vil også sikre det gjennomgåande samarbeidet mellom dei som er tilsett i stillingane, og dermed styrke gjennomføringsevna ved sjukdom og anna fravær.

Planen legg opp til at trusopplæringa skal integrerast i kyrkjelydane sitt gudstenesteliv og fellesskap. Involvering av born og unge i gudstenesta vil skape ei større interesse og engasjement for gudstenestefeiringa for alle.

Kyrkja i Lindås har ei eiga faggruppe som arbeider spesifikt med trusopplæring. Denne består av 3,1 årsverk med ulik kompetanse innanfor målgruppa born og unge frå 0-18 år. Prosjektleiar (20% - vakant), to kateketar (145%), ein kyrkjelydspedagog (50%) og ein ungdomsdiakon (80%). I tillegg har kyrkjelydane 4,5 prestestillingar, 3 kantorar (3 * 100%), 3 sekretærar (3 * 50%), kyrkjetenarar, etc. I utvikling og gjennomføring av planen vil eit tverrfagleg samarbeid bli vektlagt.

Planen legg opp til eitt arrangement / møtestad for kvart alderstrinn som kan gjentakast årleg, slik at ein unngår at dei same borna ikkje møter på same arrangement fleire gongar. Den einskilde vil verte personleg invitert til dette.

Faggruppa/trusopplæringsteam, prestane og kantorane vil i hovudsak ha ansvar for formidlinga av innhaldet i trusopplæringa. Anna praktisk arbeid knytt til arrangement skal delegerast til andre medarbeidarar og frivillige. Sokneråda har ansvar for at det til ei kvar tid er nok frivillige til desse oppgåvene. Konfirmantar skal vere med som hjelpeleiarar på tiltak

som eit ledd i konfirmantarbeidet. Det vil verte utarbeidd ein plan for dette med detaljar for opptrapping og innfasing.

Som tidlegare nemnt , driv dei kristne organisasjonane eit omfattande barne- og ungdomsarbeid rundt omkring i kyrkjelydane. Der det er naturleg, vil kyrkjelydane søkje samarbeid om ulike tiltak og satsingsområder. Dette vil og bli integrert som ein del av kyrkjelyden si trusopplæring.

Plan og ulike tiltak skal evaluerast kontinuerleg av einingsutvalet.

Sentrale dimensjonar i ei systematisk trusopplæring

Born og unges medvirkning

Born og unge skal få møta Gud med heile seg i kyrkja si. Dei kan få oppleva bodskapen ved å ta i bruk sansane og kroppen. Dei skal sjølv få vera aktive i gudsteneste og andre fellesskap. Ein lærer ikkje berre ved å høyra, men ved å gjera. Gjennom å delta får dei eit større eigarforhold til det som skjer.

Born og unge skal få kome med sine tankar om trua, og me som leiarar skal lytte til deira tankar og spørsmål.

Ein sentral del av trusopplæringstiltaka er feiring av gudsteneste. Her vil me involvere born og unge som medliturgar og kyrkevertar. Dette skjer blant anna når barnekor eller ungdommar er med i gudstenesta. Dei er involverte i tekstsleisning, drama/ tekstuverkstad, forbøn og anna. Slik får borna sette sitt preg på gudstenesta, og dei vert opplærde i kristen tru og praksis. Yngre born kan blant anna vere med å tenne lys, eller hjelpe til under dåp. Leiartreningskurs har som eit mål å engasjere ungdommar til teneste i kyrkja. Dei får øve seg på å vere leiarar innanfor ei trygg ramme. Her får dei setje sitt preg på sine oppgåver.

Me vil etablere eit barne- og ungdomsråd i Lindås Kyrkelege Fellesråd. Her kan unge få uttrykke sine meningar om, og påverke slutningar som gjeld born og unge. Dei får vere aktivt med i planlegging av ulike tiltak.

For å kunne betre tiltaka våre vil me at born og unge får evaluere dei tiltaka dei har vore med på. Det er eit mål å kunne evaluere to tiltak per år, der konfirmantåret vert evaluert kvart år av årets konfirmantar.

Mål:

- Bruke ulike sansar og aktivitetar på tiltak.
- Inkludere born og unge i gudstenesteliv
- Etablere barne- og ungdomsråd i LKF slik at ungdomar får opplæring i kyrkjedemokrati og oppleve å verte høyrt (innan 2017).
- Ha evaluering med deltakarane på minst to tiltak per år.

Heimen/ Familie

Det er viktig at kyrkja samarbeider med heimen om trusopplæringa. Dette bør starte så tidleg som mogeleg. Me vil gje foreldre og fadrar hjelp til oppgåva si gjennom trusopplæringstilbod

til dei minste borna. Det vert laga ei god brosjyre over tiltak i kyrkja, som foreldra kan få på dåpssamtalen/ ved utdeling av 4-årsbok. Dåpssamtalen skal bli utvikla slik at foreldre og fadrar kan verte inkludert i trusopplæring allereie i førebuing av dåp. Gjennom tiltak som Småbarnstrall og søndagsskulen kan foreldra få reiskapar til trusopplæringa i heimen. Gjennom utdeling av bøker og cd-ar kan foreldra få konkrete idear dei kan nytta til borna sine. Dei tre første åra vil foreldre få ei dåphelsing frå kyrkja.

Ein føresetnad for å lukkast i trusopplæringa er aktiv deltaking, også frå foreldre. Det vert viktig å engasjere dei på ein positiv og ressurs-fokusert måte. Dei vert utfordra til å medverke under tiltak som Lys vaken, Tårnagent og i konfirmantåret. I dei kontinuerlege tiltaka er foreldre aktivt med i styre av kor, speidar, søndagsskule osb. Slik kan foreldre få tilhørsle til kyrkja si, og borna kan få vekse opp med ein aktiv familie i kyrkja.

Familiane vert frå dåpssamtalen av oppmoda til å vere med å feire gudsteneste.

Det er eit ønskje om å tilby foreldregruppe for foreldre med born under 10 år. Dette vil vere ei lav-terskelgruppe som kan gje rettleiing til foreldre.

Mål:

- Skape eit aktivt samarbeid med foreldre/fadrar allereie ved dåpssamtalen ved førebuing av dåp.
- Inkludere foreldre i ulike tiltak som frivillige medarbeidrarar
- Inkludere foreldre i breiddetiltaka saman med borna, slik som Kirkerottene
- Gje foreldre hjelp og tips til ressursar til bruk i trusopplæring i heimen.

Gudsteneste

Gudsteneste har ein sentral plass i kyrkja sitt arbeid. Her kan ein verte kjent med kyrkja si, og få høyre til i eit fellesskap. Det er viktig at born og unge kan lære å bli glad i gudstenesta - at den får ein plass og ein verdi i deira liv ved å få kjennskap til praksis i gudstenestene, få prege gudstenestlivet med sitt eige uttrykk og få eigarskap til gudstenestefellesskap. Fellesskap med Gud og andre menneske må stå sentralt i trusopplæringa, og gudsteneste er ei viktig handling for å vere ein del av dette fellesskapet.

Nokre gudstenester vil ha særleg fokus på born og unge. Her er det viktig at gudstenestene vert planlagt med fokus på familiane. Som ledd i desse gudstenestene bør det blant anna vere redusert tal på dåp og planlagt kyrkjekaffi. Salmar og liturgi som vert brukt i desse gudstenestene bør ha borna som fokus.

Det vert laga gudstenesteteam som skal planlegge gudstenester med særleg fokus på familie. Her må småbarnsfamiliar vere inkluderte, samt frivillige aktive i kontinuerlege tiltak. Dei ulike barne- og ungdomsaktivitetane er med på gudstenester i løpet av semester, slik som Lindås gutekor.

Følgjande er gudstenester med fokus spesielt retta mot born og unge:

- Innbyding til familiegudsteneste med utdeling av 4-årsbok,adventsbok til 7-åringane og Biblar til 10-åringane.
- Barnehagegudsteneste til jul og påske.
- Skulegudsteneste før jul og påske.
- Gudstenesteverkstad på Lys Våken (med overnatting i kyrkja) og konfirmantleir.

- Deltaking på lysmesse og andre gudstenester for konfirmantar.
- Ungdomsgudstenester med unge som aktive deltagarar.

Mål:

- Gudsteneste skal vere ein møteplass for familiar. Vi må legge til rette for at born og unge skal få ta til seg det som gudstenesta og fellesskapet kan gje dei. At dei finn sin plass, og møter sitt uttrykk.
- Gudstenester med trusopplæringstiltak skal ha fokus på borna, og leggjast til rette slik. Det skal blant anna innehalde kyrkjekaffi.
- Born og unge skal få høve til å delta aktivt på gudsteneste, og slik få oppleve kristen tru og tradisjon.

Oppfølgjing av frivillige medarbeidrarar

Det er fleire engasjerte frivillige medarbeidrarar i kyrkjene i Lindås. Nokre av dei har vore i teneste i lang tid, andre er unge og mindre erfarte. Dei treng alle å bli sett, og motiverte til vidare arbeid. Kyrkja sine medarbeidrarar er ein svært viktig ressurs som må verdsetjast. Eit grunnleggande arbeid er å finne ein god strategi som legg til rette for at så mange som mogeleg kan bidra med frivillig innsats. Dette er avgjerande for å vitalisere folkekyrkja i breidde og for å styrke demokratiet i kyrkja.

Det vil alltid vera bruk for frivillige medarbeidrarar, og rekruttering av nye medarbeidrarar bør vere ein del av trusopplæringa. Det er behov for frivillige i mykje av arbeidet innanfor trusopplæring. Foreldre, besteforeldre og fadrar kan brukast meir. Dette kan vere eit tema allereie under dåpssamtalen. Ungdommar bør få tilbod om leiatreningskurs for å kunne bidra i trusopplæringstiltak. Kyrkjeblad, kunngjeringar og andre opplysningsstader må brukast hyppig for å fortelje om behov for frivillige.

Nettverksbygging handlar og om å lære å kjenne medlemmene i kyrkjelyden. Fleire vil kunne ha glede av å verte brukt innan sin kompetanse, det vere å koke graut til Lys vaken, planlegge og leie aktivitetar, ha danseøving eller vere nattevakt. Nokre vil kunne binde seg for fleire år, andre vil kunne vere med meir sporadisk. Alle som ønskjer å hjelpe til skal få høve til det.

Det er sokneråda som eig frivillige medarbeidrarar. Saman med sokneråda vert det invitert til medarbeidarfest og –samlingar med motivasjon, inspirasjon og fellesskap som sentrale element. Dei frivillige medarbeidarane skal verte inviterte til ei samling ved skulestart kvart år med ei utsendingsgudsteneste for alle frivillige medarbeidrarar. Slik kan dei få ei oppleveling av å verte anerkjent og verdsett. Dei frivillige medarbeidarane skal kunne kjenne seg trygg i sine oppgåver og vite kven som er deira kontaktperson i kyrkja. Det er viktig at også dei frivillige får kjenne tilhøyrslle til si kyrkje, og at dei ikkje vert sett på som ein «kasteball» som skal brukast i alle kyrkjelydane.

Mål:

- Lage ei oversikt over alle dei frivillige medarbeidarane, som dei kyrkjelege tilsette har tilgang til
- Å ha frivillige medarbeidrarar på alle breiddetiltaka.

- Dei frivillige skal vita kven som er deira nærmeste leiar og kontaktperson.
- Tilbod om deltaking på medarbeidarsamling og medarbeidarfest, og aktuelle kurs.
- Ledertreningskurs som trusopplæringstiltak
- Frivillige medarbeidrarar som er med over tid skal få avtale med kontrakt/ instruks med avgrensa oppgåver, i tillegg til å hente inn politiattest.
- Sende julehelsing til medarbeidrarar som har vore aktivt med over tid (innan 2016).

Tverrfagleg samarbeid

Trusopplæringsarbeid må vere godt integrert i gudstenestearbeid og anna arbeid knytt om mot kyrkja. Det vil seie at eit tverrfagleg samarbeid er naudsynt for at trusopplæring skal lukkast. Ved planlegging av tiltaka må dei ulike aktørane samarbeide allereie frå start. Prestar, kantorar, kyrkjelydspedagogar/kateket, diakon, sekretær og kyrkjetenarar er alle aktuelle samarbeidspartnarar. Det er viktig at ansvarshavaren for tiltaket involverer dei aktuelle. Dette vil bidra til at kvar faggruppe sin kompetanse vert nytta, og vert verdsett. Det er naturleg at dei ulike faggruppene får ansvar for sitt område, som til dømes kyrkjemusikalsk arbeid. Born og unge skal bli kjende med salmar og liturgi. Her har organist ein sentral plass i planlegging og utøvinga.

Kyrkja i Lindås har også samarbeida med trusopplærarar i nabokommunar. Dette er noko me ønskjer å fortsetje med, som til dømes med Kirkerottene, og ungdomskveld i kyrkja. I gudstenester for og med born er det naturleg at kateket, prest, organist, klokkar og kyrkjetenar arbeider saman. I aktivitetar med song og musikk er det naturleg at organisten er aktivt medverkande. I opplegg der omsorg og fellesskap står særskilt i fokus, er det naturleg at diakonen har ansvaret. I undervisning med tema som til dømes liturgi er det naturleg å samarbeide med prest.

Mål:

- Å ha gode rutiner på samarbeid og oppgåvefordeling.
- Trusopplæring skal vere ein naturleg integrert faktor i det meste av det kyrkjelege arbeidet.
- I samarbeid med frivillige, vere klar over deira fagkompetanse

Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar

Det er fleire barne- og ungdomsorganisasjonar i Lindås. Når ein ser på dei ulike områda innanfor Lindås ser ein at organisasjonane er noko fordelt rundt. Indremisjons forbundet, KFUK/M, Misjonssambandet, Søndagsskuleforbundet og NMS er alle organisasjonar som har tilbod for born og unge. Kyrkja vil samarbeide med dei ulike organisasjonane om breiddetiltak. På den måten kan det og verte ein arena for rekruttering til det kontinuerlege arbeidet. Fleire av aktivitetane for ungdom vert tilbydt som aktivitetar ungdommar kan velje i konfirmanttida. Det er og tett samarbeid med søndagsskulane. Fleire av dei kontinuerlege aktivitetane er med på ei gudsteneste i semesteret, gjerne knytt opp mot eit breiddetiltak, slik som utdeling av 4-årsbok og song av barnekor. Me har brukt arena som Jungelgjengen til utdeling av 4-årsbok.

Breiddetiltak kopla opp mot kontinuerlege tiltak og organisasjonar kan me verte flinkare til å strukturere ved å lage faste avtalar på, slik at det vert kontinuerleg og tematisk. Me har behov for tettare samarbeid rundt breiddetiltaka, kanskje til og med kjøpe tenester av organisasjonane slik at tiltaka vert gjennomført. NMS har ytra ønskje om å samarbeide om

eit misjonstiltak for unge, det vert no eit av tiltaka for ungdom. Andre borne- og ungdomsorganisasjonar i lokalsamfunnet kan og vert nytta i gudsteneste, slik som skulemusikk og andre korps.

Mål:

- Inngå avtalar med barne- og ungdomsorganisasjonar knytt opp til breiddetiltak.
- Lage infobrosyre saman, slik at også dei kontinuerlege tiltaka vert presentert. Oppnå felles forståing om å fylla kvarandre ut, heller enn konkurranse.
- Invitere leiarane med på medarbeidarfest og –samlingar. Slik kan vi dra vekslar på kvarandre sin kompetanse, utveksla materiell, idear og fagpersonell.

Kommunikasjonsarbeid

For å få godt oppmøte på trusopplæringstiltaka må foreldre og born få god, positiv informasjon. Det skal bli laga ein informasjonsfaldar som foreldre skal få allereie ved dåp. I tillegg vert ein kommunikasjonsplan utarbeida, knytt opp mot årshjulet for dei ulike tiltaka, samt planlagde positive oppslag i avis. Tiltaka treng verte publisert i god nok tid og gjerast kjend i ulike kanalar, som brev, annonse, pressemelding, Facebook, kunngjeringar og plakatar. Born og foreldre får invitasjon sendt i posten rundt 2 veker før tiltaket. Det har vore gode oppslag i media for dei ulike trusopplæringstiltaka i kyrkja. Dette må me fortsetje med, og ha med i planlegging.

Mål:

- Lage ein grafisk profil som gjer trusopplæring i Lindås/ Nordhordland kjend
- Samarbeid med media: Få minst 4 positive oppslag i lokale media per år.
- Ha oppdaterte og informative Internettssider
- Ha godt informasjonsmateriell, med gode malar til invitasjonar og plakatar. Bruke felles marknadsføring for trusopplæringstiltak i Lindås.
- Nytta fleire kanalar når ein skal gjera eit tiltak kjent: Brev, annonse, omtale i kyrkjebladet, pressemelding til lokalavisene, plakatar, kunngjering på gudsteneste, og anna.
- Opprette påmelding via data/ heimesider.
- Opprette gode deltakarlistar, som gjer det lett å nå folk via mobil/ e-post til framtidige tiltak.

Inkludering og tilrettelegging

Born og unge som treng tilrettelagte tiltak skal kunne kjenne seg like inkludert som andre. Dette gjeld borna så vel som foreldra. Når det gjeld byggtekniske behov, som rullestolrampe, skal sokneråda og Fellesrådet leggje til rette for det.

I malar for invitasjon til tiltaka skal det vise at me kan tilrettelege tiltak. Det skal vere tydeleg kontaktinformasjon som foreldra kan bruke ved behov for samtale i forkant, og det skal vere lett å kunne gje beskjed dersom barnet treng tilrettelegging. Me skal ha ressursar til å innhente ekstra og kompetente ressursar til å fylge opp/ ivareta dei som har særskilde behov når det trengs. Me må vere klar over at det er ulike behov for tilrettelegging, og treng vere i tett kontakt med foreldre. Når me får ta i bruk gode deltakarlistar vil me og kunne vere meir i

forkant når eit barn med særskilde behov kjem på eit tiltak.

I konfirmanttida har kateket vore særskilt opptatt av tilrettelegging for undervisning for ungdommar med særskilde behov. Det har vore tett kontakt med foreldre, og ein har henta inn ekstra ressursar ved behov.

Alle born og unge er ressursar, også dei som treng tilrettelagd tiltak. Det er mykje vi kan lære av dei som gjev oss mangfold i kyrkja.

Diakon har særleg ansvar for born og unge som treng tilrettelegging.

Mål:

- Alle born og unge, og deira foreldre, skal kjenne seg velkommen og trygg i kyrkjene i Lindås.
- Innarbeide i malar til invitasjon at ein nemner at foreldre må ta kontakt dersom born treng tilrettelegging ved tiltak, evt kan gje informasjon ved påmelding.
- Tett kontakt og samarbeid med heimen der ein ser at det trengst tilrettelegging.
- Tilby samtalar ved behov, både for foreldre og born/unge.
- Ved behov tilrettelegge for spesiell trusopplæring og eventuelt innhente fagkompetanse.

Diakoni

Diakoni handlar om å sjå alle menneske slik Gud har skapt dei, i Guds bilete. Alle er likeverdige. Born, unge og foreldre skal kunne oppleve at kyrkja ser dei, tar imot dei, og at dei kan kjenne seg heime i fellesskapet i kyrkja si.

I kvart trusopplæringstiltak skal fellesskap stå høgt. Det kan vere gjennom å dele måltid, inkludering av dei som er der og ein felles forståing av «vi»-omgrepet. Det inneberer og omsorg og ansvar for kvarandre; dei som er saman om eit tiltak, men også om andre menneske utanfor vår kyrkjelyd.

Det er viktig å ha nok vaksenpersonar på kvart tiltak som ser borna og er tilgjengelige. Dei tilsette skal kunne ha høve til å ha samtalar med enkeltmenneske ved behov. Dette kan vi gjere kjend gjennom å informere om høve til samtaler allereie i brosjyren foreldre får utdelt ved dåp.

I undervisning og aktiviteter skal borna oppleve livsmeistring og få hjelp til livstolkning gjennom aktuell og livsnær forkynning.

I trusopplæringstiltaka vil me møte born og unge med ulik bakgrunn. Me må ta høgde for at ikkje alle opplever ein trygg barndom og trygge vaksne. Dette gjer det desto viktigare å formidle at kyrkja er raus, trygg og omsorgsfull. Ein må vere var på kva ord ein bruker når ein formidlar denne omsorga.

Nokre tiltak vil være særleg retta mot diakonalt arbeid; førebuing og gjennomføring av Fasteaksjonen saman med konfirmantar, Agent for rettferd, og Småbarnstrall er døme på diakonale tiltak.

Vern om skaparverket vil kome tydeleg fram når kyrkjene i Lindås vert «Grøne kyrkjelydar». Det kan hjelpe oss til å integrere forbruk- og rettferdsperspektiva i undervisninga vår. Å

hjelpe born til å ta vare på naturen og miljøet kan visast på fleire måtar, blant anna med redusert bruk av eingongs-artiklar.

Vi vil bli flinkare til å lære borna å lyfte blikket utanfor seg sjølv allereie i ung alder. Ungdom skal få ei oppleving at vi er ein del av ei verdsvid kyrkje. Å vere ein lem på Kristi lekam inneberer at vi tar vare på kvarandre og kjempar for kvarandre sin rett. Eit større fokus på at ein kan gjere ein forskjell vil gje born og unge verktøy når ein kjenner seg hjelpelaus i møte med det vonde. Tiltak med fokus på klima og rettferd vil gje borna ei oppleving av å vere ein del av verdssamfunnet.

Mål:

- Kvart barn og ungdom skal få oppleve ei raus, open og inkluderande kyrkje som ser kvar einskild.
- Vere open om høve til samtalar og støtte i tunge periodar i livet.
- Ha grøne kyrkjelydar som kan auke kunnskap om forbruk og klima
- Undervise om at barna er elsa og verdifulle, og ha livsnær undervisning som skapar livstolkning.
- Hjelpe dei unge til å oppdage kyrkja som ein stad der ein møter kvarandre med respekt, omsorg og omtanke, og lata dei få lov å bidra i diakonalt arbeid lokalt og verdsvidt

Musikk og kultur

I dei kulturelle, musikalske og liturgiske tradisjonane i kyrkja ligg ein rik arv som stadig er i utvikling. I den verdsvide kyrkja er kunst og kultur eit språk for å dele tru mellom ulike nasjonalitetar og kulturar. Det er utarbeida ein plan for songar og salmar som borna skal lære på dei ulike tiltaka, i samarbeid med plan for kyrkjemusikalsk arbeid. Kantor er ein sentral undervisar når det gjeld det musikalske innanfor salmar og liturgi. Det er viktig at born og unge får ei oppleving av det rike mangfaldet av musikalske og kulturelle utrykk som er ein del av trua. Songar vil og vere eit pedagogisk verktøy i tiltaka.

Det er fleire barne- og ungdomskor i Lindås, frå 3 år og oppover til ungdomskoret Ten Sing Knarvik. Her får born og unge utøve songleda, og gjerne dans og drama. Kora set opp musikalar innimellom, og er ofte med på kulturelle tilstellingar i lokalsamfunnet. I 2010 var 80 born frå SingSingeling i Alversund med på Lysfesten i Bergen.

Ungdomskvelden UNiK starta i Knarvik i 2014. Her får unge lokale utøvarar opptre med song, dans og instrument. Dette gjev rom for at dei får uttrykke seg og trua si i kyrkjerommet. Kirkerottene er eit breiddetiltak som er ein del av planen. Dette er eit teaterstykke for born i 3-6 årsalderen.

Kyrkjene i Lindås er svært ulike byggmessig og kunstnarisk utforma. Det å gje rom for undring rundt alterbilete, og anna kunst i kyrkjerommet vert viktig å ha med. Kyrkjelydane vil kunne løne kompetente personar i enkeloppdrag og å kunne nyttiggjere seg dei ulike lokale kulturuttrykka.

Mål:

- Gje dei unge opplevinga av at dei står i ein kulturell samanheng, der det religiøse og lokale uttrykk og veremåtar heng saman.

- Gje borna kjennskap til noko av den kunsten som har sprunge ut frå den kristne kyrkja.
- Skape arenaer der borna kan få oppleva seg som ein del av ein skapande samanheng, der dei sjølve får koma med sine uttrykk i dialog med det dei høyrer og opplever i kyrkja.
- Ha song og musikk som ein naturleg del av aktivitetane i kyrkja.
- Invitera dei unge inn til deltaking i kor og band.

2. Tiltak

Oversikt over tiltak i trusopplæringsplanen

Alder	Navn på tiltak	Omfang i samvær	Omfang i timer
0 - 2	Småbarnstrall	8	16
0 - 0	Dåp	2	4
3 - 3	Pysjamasparty	1	3
4 - 4	Kyrkjebok	2	4
4 - 6	Kyrkjekottene	1	3
5 - 5	Myldredag for 5åringar	1	2
5 - 6	Førsteklasses!	2	4
7 - 7	Adventssamling	1	3
8 - 8	Tårnagent	1	6
9 - 9	Agent for rettferd	2	5
9 - 9	Pilegrimsvandring/ Skaparverkets Dag	1	3
10 - 10	Lys Vaken	1	12
11 - 12	Kode B	4	9
12 - 12	Livets skattekiste	1	6
13 - 18	UNiK	2	8
13 - 13	PreKonf	1	5
14 - 15	Konfirmasjon	21	62
15 - 18	Leiartreningskurs	5	25
16 - 18	Misjonstur til England	5	30

Tiltak i planen rettet mot det enkelte alderstrinn																			
Alder	0	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18
Tiltak i planen rettet mot det enkelte alderstrinn	2	1	1	1	2	3	2	1	1	2	1	1	2	2	2	3	3	3	3

Planlagt:Totalt antall tiltak: 19

Totalt antall timer: 210

Breiddetiltak

Dåpen

Alder: 0-0 (2 samvær, tilsammen 3 timer)

Type tiltak:	Dåpssamtale	
Mål	<p>Dåpssamtalen skal bygge relasjoner. Den skal legge til rette for at foreldre og kyrkja blir kjende med hverandre. Samtalen skal gi rom for refleksjon saman med foreldra om dåp og lovnad. Det skal informerast om trusopplæringa som fins i kyrkjelyden. Dåpsfamiliar skal få oppmuntring og råd om trusopplæring i heimen. Praktisk gjennomgang av gudsteneste og liturgi, slik at foreldre kjenner seg trygge i møte med dåpen og dåpshandlinga.</p>	
Tema/innhold	Livstolkning og livsmestring	Møte foreldra og la dei fortelje om barnet og deira tilknyting til kyrkja og trua. Oppmode og inspirere foreldre til trusopplæring i heimen.
	Kirkens tro og tradisjon	<ul style="list-style-type: none"> - Dåps og misjonsbefalinga (Matt. 28, 16-20) - Dåpsliturgien - Jesus og barna (Mark. 10, 13-16) - Truvedkjenning - Vår Far
	Kristen tro i praksis	<ul style="list-style-type: none"> - Dåpsbarnet og dei føresette deltek i dåpshandlinga - Dåpsgudstenesta inkluderer fadrar, søskan og anna familie ved at dei deltek i bøn for barnet og deltek i gudstenesta sin liturgi og salmesong
Arbeidsmåter	<ul style="list-style-type: none"> - Informasjonsbrosjyre til heimen - Dåpssamtale - Gudsteneste og dåpshandlinga - Dåpslys - Brosjyre om kyrkjelyden si trusopplæring 	
Ansvarlig	Prest, trusopplæringsmedarbeidar, sekretær	
Kommentar:	<p>Dåpssamtalen vert hovudsakleg gjennomført på kyrkje kontoret. Dåp førekjem som regel i ordinære gudstenesete, men den største kyrkjelyden har ved fleire høve gjennomført eigne dåpsgudstenester på grunn av stor pågang av dåpskandidatar.</p> <p>Like før dåpsdag (1år – 2år – 3år) vert det sendt ut dåphelsingar til dei døypte borna i kyrkjelyden.</p>	

Småbarnstrall

Alder: 0-2 (8 samvær, til sammen 16 timer)

Type tiltak:	Annet Tiltak	
Mål	Småbarnstrall skal vere ein samlingsstad for born og foreldre som får høve til å oppleve tryggleik gjennom song, leik og fellesskap med andre. Dei skal kunne oppleve å høre til kyrkja si. Borna skal få høve til å stimulere sansane sine gjennom song, musikk og rytmene. Vidare skal småbarnstrall inspirera og oppmuntre småbarnsforeldre til trusopplæring i heimen.	
Tema/innhold	Livstolkning og livsmestring	Gje reiskap og tryggleik til å praktisere tru heime og i kyrkja Sjå seg sjølv i Guds skaparverk Leik som eigenverdi Utforske eit musikalsk språk som kan uttrykke kjensler, tankar, tru og tilbeding
	Kirkens tro og tradisjon	Songar som formidlar Guds kjærleik, omsorg og nærlieik. Bøner som gjev tryggleik. Høgtidene Skapelsen- natur, dyr, menneske
	Kristen tro i praksis	Deltakarane skal vere med å syngje, be for og med barnet, dele glede av musikk saman med bornet. Fellesskap; sosialt samspel Saman får dei eit fellesskap og høve til å vise omsorg for kvarandre. Lystenning.
Arbeidsmåter	Samling annakvar veke à 2 timar. Song og musikk, leik og dans. Måltid saman.	
Ansvarlig	Diakon/ trusopplærar/ frivillige.	
Vedlegg 1:	Rammefaktorplan småbarnstrall.docx	

Pysjamasfest

Alder: 3-3 (1 samvær, tilsammen 2 timer)

Type tiltak:	PYSJAMASFEST	
Mål	Borna har hørt forteljinga om "Noa og arken" Borna har lært ein song om dyra i arken Borna kjenner seg trygg i kyrkjebygget Borna får høre kristne songar heime og kjenner at den kristne trua er ein naturleg del av heimefronten	
Tema/ innhald	Livstolking og livsmeistring	Borna skal kjenne seg trygg saman med Gud
	Tru og tradisjon i kyrkja	Forteljinga om Noas ark.
	Kristen tru i praksis	Å syngje Å be Å høre ei bibelforteljing
Arbeidsmåtar	Invitasjon heim (sjå vedlegg). Borna vert inviterte til å kome i pysjamas og ta med seg kosebamsen sin. Utdeling av CD med nattesongar i slutten av tiltaket. Etter song og forteljing et ein kveldsmat saman-	
Ansvarleg	Kyrkjelydspedagog, sokneråd	
Kommentarar		

Kyrkjerottene

Alder: 3-5 (1 samvær, tilsammen 6 timer)

Type tiltak:	Kyrkjerottene	
Mål	Barn og unge skal få kunnskap og kjennskap til kyrkja som dei tilhører. Dette er eit hovudelement i alle stykka med Kyrkjerottene, då både dukkene og skodespelerane spesifikt brukar kyrkjerommet og "belyser" ulike objekt i kyrkjerommet, nettopp for at borna skal få kjennskap og eit bevisst forhold til kyrkjerommet. Borna får og høre ei Jesus-forteljing.	
Tema/ innhald	Livstolking og livsmeistring	For teaterstykket med Kirkerottene og Viggo (Viggo i tårnet), er identitet eit viktig tema. Dei store spørsmåla: Kor kjem eg i frå? Kven er eg? Kven vil eg vere?
	Tru og tradisjon i kyrkja	Kyrkjerommet Jesus-forteljingar
	Kristen tru i praksis	Å be: I alle framsyningane vert borna inviterte til å gje respons undervegs, og til å vere med å synge kveldssongar/ be kveldsbøn undervegs i stykket. Å høre Guds ord: I alle teaterstykka får borna høre ei bibelforteljing som er integrert i framsyninga.
Arbeidsmåtar	Teatergruppe frå IKO vert leigd inn. Born i alderen 3-5 år mottek ein invitasjon heim i posten med ein billett (som gjeld eit born med følgje). Det vert og hengt opp plakatar som annonserer teaterframsyning i dei ulike kyrkjelydane. Det skal også skrivast førehandsomtale om framsyninga i kyrkjeblada og lokalaviser.	
Ansvarleg	Kyrkjelydspedagogar.	
Kommentarar	Eit samver vil telje 6 timer: 3 alderstrinn gange 2 timer.	
Vedlegg	Plakat	

Mi kyrkjebok

Alder: 4 (2 samvær , tilsammen 3 timer)

Type tiltak:	4 årsbok	
Mål	<ul style="list-style-type: none"> - Bli sett i kyrkja - Bli kjent og trygg i kyrkja - Lære bibelforteljingar og songar 	
Tema/ innhald	Livstolking og livsmeistring	<p>Livs- og trushistorie: Lære borna å utvikle eit eige språk for liv og tru</p> <p>Dei store spørsmåla: Kven er eg? Kor kjem eg i frå? Gud ser alle. Skapinga.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Eg vert sett i kyrkja mi? - Kven er min ven? - Jesus, er barna sin trufaste ven -
	Tru og tradisjon i kyrkja	<p>Første/ andre /tredje . trusartikkel: Skapinga, Glede og takksemd over skaparverket. Jesusforteljingane. Gud er her no.</p> <p>Bibel: Jesus og borna (Matteus 19, 13-15), Sakkeus (Lukas 19,1-10) , Jesus stiller stormen (Mark 4, 35-41)</p>
	Kristen tru i praksis	<p>Song og musikk: «Alle , alle vil vi ha med», «Eg er trygg hos deg», « Ikkje ein, ikkje to, ikkje tre, men alle» + songar fra 4-årsboka</p> <p>Bøn: Borna lærer ei kjent kveldsbøn</p>
Arbeidsmåtar	<ul style="list-style-type: none"> - Brev heim med invitasjon - Samling 1: Kveld/ettermiddag i kyrkja før utdeling av fireårsbok på gudstenesta - Samling 2: Gudsteneste med utdeling 	
Ansvarleg	Trusopplærar, prest	
Kommentarar	Gjennomføring haust	
Vedlegg	Samling i kyrkja for 4-åringar	

Myldredag for 5åringar

Alder: 5 - 5 (1 Samvær, tilsaman 2 timer)

Type tiltak:	Anna Tiltak	
Mål	Barnet skal få høve til å oppleve Gud som trufast gjennom å høre forteljing om den gode hyrde, synge songar og be bøner om Guds tryggleik.	
Tema/innhald	Livstolkning og livsmeistring	Oppleve Gud som trygg og ein som er tilgjengelig. Å høre til- hjå Gud Oppleve meistring i å lage noko saman Oppleve fellesskap i song og musikk.
	Kyrkja si tru og tradisjon	Bibelforteljinga om den gode hyrde Songar om tryggleik
	Kristen tru i praksis	Synge, be Delta i song og musikk. Liturgi; gloria, velsigning Verte kjent med bibelforteljing
Arbeidsmåtar	Samling for 5-åringar og foreldra deira. Samlinga har ein bok med «vandring», inndelt i 3 stasjonar; aktivitet (lage ein sau), musikk/sang og forteljarstund. Forteljarstund med bruk av Gudsrikeleiken. Felles måltid.	
Ansvarleg	Trusopplærar eller ein hovud-frivillig	

Vedlegg:

Rammefaktorplan

Program for samlinga

Førsteklasses!

Alder: 5 - 6 (2 Samvær, tilsaman 4 timer)

Type tiltak:	Eit tidsavgrensa breddetiltak retta mot 6-åringar	
Mål	Førsteklassingar skal få kjennskap til Gud som ser og ivaretar kvar einskild. Dei skal få høyre at dei er unik, spesielle for den dei er, og at Jesus er deira ven.	
Tema/innhald	Livstolkning og livsmeistring	Venskap med Jesus Tilhøyre til Gud Tryggleik når ein er redd og einsam
	Kyrkja si tru og tradisjon	Bibelforteljingar: Sakkeus og bryllupet i Kana Liturgi under gudstenesta Songar
	Kristen tru i praksis	Prate med Gud gjennom bøn Velsigninga Songar: Eg blir så glad når eg ser deg Å, du som metter Eg faldar min hender små
Arbeidsmåter	Ei samling etter skuletid, med gudsteneste følgjande søndag. Utdeling av boka «tre i et tre». Samlinga inneheld lesing frå boka (kap 7-9), med to bibelhistoriar. Måltidsfellesskap.	
Ansvarlig	Trusopplærar/ kateket og fungerande prest under gudstenesta.	
Kommentar:	Dette tiltaket kan utvidas seinare dersom det let seg gjere, til opp mot 6 samlingar.	

Vedlegg:

Rammefaktorplan

Adventssamling

Alder: 7 - 7 (1 Samvær, tilsammen 3 timer)

Type tiltak:	Annet Tiltak	
Mål	Barnet skal verte kjend med juleevangeliet på ein spennande og livsnær måte.	
Tema/innhald	Livstolkning og livsmestring	Oppleve at Jesus vart fødd for kvar einskild. Lage julepynt, oppleve meistring i å produsere Verte kjend med juleforteljinga
	Kirkens tro og tradisjon	Juleevangeliet (Luk 2, 1-20) Bøn og velsigninga Liturgi under gudstenesta Gudsteneste Julefeiring (Høgtid)
	Kristen tro i praksis	Be synge høyre og sjå juleevangeliet liturgi måltid
Arbeidsmåter	Gudsteneste, adventsverkstad, liturgisk avslutning og måltidsfellesskap, utdeling av bok.	
Ansvarlig	Fungerande prest under gudstenesta, trusopplærar	

Vedlegg:

Ramme faktorplan

Tårnagentane

Alder: 8-9 (1 Samvær, 6 timer)

Type tiltak:	Tårnagentane	
Mål	<ul style="list-style-type: none"> -Borna kan historia om kyrkjeklokkene i kyrkja, og veit kva funksjon kyrkjeklokkene har. -Borna er kjende med symbol og arkitektur i kyrkja. -Borna opplever at dei har utforska kyrkja på ein spanande måte, og har lært mykje ved å sjølv utforske. 	
Tema/ innhald	Livstolking og livsmeistring	<ul style="list-style-type: none"> -Reflektere over seg sjølv som ein del av kyrkja si historie -Kva betyr kyrkja/kyrkjebygget for oss? - Kvifor betyr kyrkja så mykje for folk? - Eigarforhold til kyrkja. Kvifor kan ein kalle kyrkja «mi kyrkje»
	Tru og tradisjon i kyrkja	<ul style="list-style-type: none"> - Arkitektur og symbolikk i kyrkja - Kyrkjehistorie - Bli kjemt og fortruleg med kyrkjebygget - Erfare at ein sjølv kan finne mykje ut om kyrkja, ved å studere den på nye måtar. <p>Bibeltekstar:</p> <p>Matt7,7 - Be så skal de få Matt 28, 18-20 – Misjonsbodet Mark 10, 13-16 – Jesus og borna Matt 26, 26-28 – Nattverden Joh 6, 48-51 – Brødet frå himmelen Matt 5, 14-16 – Lyset i verda Joh 8,12 – Jesus, lyset i verda</p> <p>Songar: Kom og bli med på kirkevei, Kling no klokka, Pinse det er glede</p>
	Kristen tru i praksis	<ul style="list-style-type: none"> -Vandre -Lese i Bibelen og høyre forteljingar -Syngje -Tenne lys -Nattverd - Feire gudsteneste
Arbeidsmåtar	Samlinga vert gjennomført på ein laurdag: Skattejakt, utforske altarbibel, dåpsfat, nattverd-disk og altarlysestakar. Samtale, måltid og ei kort gudsteneste til slutt. Tårnagentbevis vert utdelt.	
Ansvarleg	Trusopplærar	
Kommentarar	-Foreldre vert utfordra til å vere med, i tillegg til uløna medarbeidarar som er kjend med kyrkja og kan kyrkja si historie.	

Agent for rettferd**Alder: 9 - 9 (2 Samvær, tilsammen 5 timer)**

Type tiltak:	Anna Tiltak	
Mål	Borna skal få kunnskap om rettferd i verda, og dei skal få tru på at dei kan gjere ein forskjell (vere agent).	
Tema/innhald	Livstolkning og livesmeistring	Å sjå alle menneske som skapt av Gud. Å sjå urettferda i verda og med det ansvaret vi har for å bidra til ei forandring. Forvalteransvaret. Å vere takksam.
	Kyrkja si tru og tradisjon	Luk. 6, 20-26, Jes. 58,6-10 Diakoni Omsorg for andre Høgtid- Faste
	Kristen tru i praksis	Stå opp for urettferd Solidaritet
Arbeidsmåtar	Bruke IKO/ Kirkens Nødhjelp sitt opplegg, Agent for rettferdighet. Inneheld ulike oppgåver borna kan gjere for ei meir rettferdig verd. Ei samling ein ettermiddag, fastegudsteneste med samling i forkant.	
Ansvarlig	Diakon	

Vedlegg:

Rammefaktorplan

Pilegrimsvandring/ Skaparverkets Dag
Alder: 9 - 9 (1 Samvær, tilsammen 3 timer)

Type tiltak:	Anna Tiltak	
Mål	Borna som går i 3.klasse skal få høve til å lære om lokal kyrkjehistorie, og få ei oppleving av å vere ein del av ein tradisjon som strekk seg langt tilbake i tid. Dei skal få høre om dei første kristne. Dei skal i tillegg få høve til å oppleve seg som ein del av Guds skaparverk.	
Tema/innhald	Livstolkning og livsmeistring	Oppdage naturen som ein del av Guds skaparverk. Vandre med Gud. Identitet i ei historie.
	Kyrkja si tru og tradisjon	Sal 25 Jes 53 Song: Takk gode Gud for alle ting
	Kristen tru i praksis	Pilegrimsvandring Song Bøn Stillhet
Arbeidsmåtar	Pilegrimsvandring knyta opp mot lokal kyrkjehistorie, som Håkonshaugen på Seim, fjordreise til Hamre i Osterfjorden, ogpå Lindås. Tur med lokalt tilpassa informasjon og aktivitetar. Avsluttar med ei gudsteneste med Skaparverkets Dag som tema.	
Ansvarlig	Trusopplærar, prest.	
Kommentar:	- Treng tilpassast etter lokale tilhøve	

Vedlegg:

Rammefaktorplan

Lys Vaken

Alder: 10 – 10 (1 Samvær, tilsammen 12 timer)

Type tiltak:	Lys Vaken	
Mål	<p>Deltakarane skal oppleve at kyrkja er mitt hus og at dei blir sett og hørt av Gud som er Lys Vaken for dei. Dei skal få høve til å kjenne fellesskap med Gud og kvarandre. Deltakarane skal lære om kyrkjeåret generelt og adventstida spesielt. Deltakarane skal kunne "Lys-Vaken"- sangen og to sangar som høyrer kyrkjeårstida til. Deltakarane skal bli kjend med gudstenestens liturgi og delta aktivt i gjennomføringa av Lys-Vaken gudsteneste</p>	
Tema/innhold	Livstolkning og livsmestring	Borna skal få oppleva kyrkja som eit trygt rom, som ein heim, ein stad kor ein kan kvila. Få oppleva at Gud femnar heile meg, med ånd, kropp og sansar.
	Kirkens tro og tradisjon	Menneska står i relasjon til Gud, nesten og skaparverket. Vi lever ikkje for oss sjølve, men er sett inn i ein samanheng. Dette inneber både ansvar og omsorg. Kort innføring i korleis kyrkjeåret er lagt opp, fargar og symbolikk. Overgang mellom gamalt og nytt kyrkjeår.
	Kristen tro i praksis	Utforska. Lesa i Bibelen. Verta kjent med gjenstander i kyrkja. Diakoni. Be bøner. Lystenning. Tru uttrykt kreativt gjennom maling, dans og drama. Medarbeidar i gudsteneste.
